

SKODJE KOMMUNE  
Kontrollutvalet

## MØTEINNKALLING

---

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

### INNKALLING TIL MØTE I SKODJE KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**onsdag, 17.03.2010 kl. 16.00 på  
Rådhuset**

#### SAKLISTE:

- Sak 01/10 - Godkjenning av møtebok frå møte 14. desember 2009
- ” 02/10 - Kontrollrapport 2009 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Skodje kommune
- ” 03/10 - Nærare vurdering av mandat for forvaltningsrevisjon
- ” 04/10 - Biloppsamling i Furlia – handsaming etter forureiningslova
- ” 05/10 - Voi
- ” 06/10 - Saker under oppfølging og saker til neste møte

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Vigdis T. Bye  
leiar  
(sign.)

# KONTROLLUTVALET I SKODJE KOMMUNE

## MØTEBOK

Møtedato: 14. desember 2009, kl. 16.00

Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Vigdis T. Bye

Elles til stades: Dag Loe Olsen, Kjell Arve Reiakvam, Valborg Haugen og Magnar Flaate  
= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen

Frå Skodje kommune møtte ordførar Modolf Hareide og rådmann Kjell Bjørdal i sak 31/09 og 32/09.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

### **SAK 30/09**

#### **GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 17. NOVEMBER 2009**

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 17. november 2009 blir godkjent.

### **SAK 31/09**

#### **ENDRING I LOKAL RENOVASJONSFORSKRIFT**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 09.12.2009

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet ber om at saka vedkomande endringa i henteordninga for forbruksavfall snarast blir teke opp på nytt med behandling og avgjerd etter forvaltningslova sine reglar og forskrifter.

### **SAK 32/09**

#### **OPPFØLGING AV IKKE AVKLARA SAKER**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 09.12.2009

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber om at rapportar med oppfølging av vedtak blir oversendt kontrollutvalet som fast prosedyre.
2. Kontrollutvalet tek saka om implementering av offentleglova til orientering.

**SAK 33/09**

**INTERN KONTROLL I SKODJE KOMMUNE GJELDANDE RUTINAR FOR  
OPPFØLGING OG REGISTRERING AV INNTEKTER OG RUTINAR FOR BEHANDLING  
AV MOTTEKNE BREV**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet ber om å få tilsendt innan 15. februar 2010:

1. Rutinar for kommunen si handtering av motteken post.
2. Rutinar for inntekter, i denne omgangen avgrensa til statlege øyremerka tilskot.

**SAK 34/09**

**KOMMUNIKASJON MELLOM KOMMUNEADMINISTRASJONEN OG  
KONTROLLUTVALET (saka kom opp under eventuelt)**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet ber om at kommunikasjon mellom kommuneadministrasjonen og kontrollutvalet skjer gjennom rådmannen.

**SAK 35/09**

**DELTAING PÅ KONTROLLUTVALKONFERANSEN PÅ GARDEMOEN I BYRJINGA  
AV FEBRUAR 2010 (saka kom opp under eventuelt)**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Magnar Flaate og Valborg Haugen deltek på denne konferansen. Kontrollutvalsekretariatet melder desse på.

Vigdis T. Bye  
leiar  
(sign.)

Dag Loe Olsen  
medlem  
(sign.)

Magnar Flaate  
medlem  
(sign.)

Valborg Haugen  
medlem  
(sign.)

Kjell Arve Reiakvam  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 8.03.2010

**SAK 02/10  
KONTROLLRAPPORT 2009 VEDKOMANE SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN  
I SKODJE KOMMUNE**

Som vedlegg følgjer:

- Kontrollrapport 2009 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Skodje kommune

Staten har frå 01.07.2004 teke over det totale ansvaret for kontroll og revisjon med skatteoppkrevjarfunksjonen. Riksrevisjonen har ansvaret for den formelle revisjonen av skatterekneskapen, medan oppfølginga av den interne kontroll hos skatteoppkrevjar, blir utført av skattefuten.

I brev av 21.02.2005 kjem Skattedirektoratet med ei anbefaling til ny ordning for behandling av skatterekneskapen. Etter den nye ordninga er det føresett at dei kommunevise skatterekneskapa blir avgjeve ovanfor Skattedirektoratet v/skattefuten. Skatterekneskapen blir sett på som ein delrekneskap til Skatteetaten sin samla rekneskap. Den formelle revisjon er tillagt Riksrevisjonen, og vert utført som ein del av Riksrevisjonen sin kontroll av Skatteetaten si samla verksemd.

Riksrevisjonen sine konklusjonar etter den årlege revisjonen av skatterekneskapa vil bli kommunisert til Skattedirektoratet i avsluttande revisjonsbrev. Vesentlege og prinsipielle forhold vil i samsvar med gjeldande lover og reglar bli rapportert til Stortinget. Stortinget foretar desisjon (godkjenning) av Skatteetaten sitt samla rekneskap. Skattedirektoratet ser det difor ikkje lenger som naturleg at kommunestyret skal foreta ein formell desisjon av kommunen sitt skatterekneskap.

Etter ”Midlertidig instruks for skattefogdens kontroll av skatteregnskapet” skal skattefuten innan den 15. februar året etter rekneskapsåret utarbeide ein kontrollrapport for skatteoppkrevjarfunksjonen i den enkelte kommune. Denne omfattar også rekneskapskontrollen som blir utført av skatteetaten. Rapporten blir sendt til kommunestyret i den enkelte kommune med kopi til fylkeskommunen, Skattedirektoratet, Riksrevisjonen, skatteoppkrevjar og kommunen sitt kontrollutval.

Kommunestyret/kontrollutvalet skal etter det som er nemnt ovanfor ikkje lenger behandle sjølve skatterekneskapen, men får ved kontrollrapporten ei tilbakemelding på om skatteoppkrevjarfunksjonen blir utført på ein tilfredsstillande måte. Rapporten inneheld også eventuelle forslag til tiltak og forbetningspunkt. Skattedirektoratet set ingen formelle krav til formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret/kontrollutvalet, men føreset at kommunen følgjer opp eventuelle tiltak og forbetningspunkt.

Skatteetaten vil normalt ikkje møte ved ei eventuell behandling av kontrollrapport/skatterekneskap som kommunestyresak.

I brevet frå Skatteetaten går det fram at skatteoppkreverkontoret ikkje har gitt endeleg tilbakemelding på pålegg og anbefalingar som er gitt. Det går vidare fram av brevet at det i 2009 har blitt gitt pålegg og anbefalingar som er gitt skatteoppkrevjaren i brev av 17.12.2009.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

#### **v e d t a k :**

1. Kontrollutvalet tek kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Skodje kommune datert 04.02.2010 frå Skatteetaten til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få seg forelagt dei pålegg og anbefalingar som er gitt skatteoppkrevjaren i 2009 samt brev datert 17.12.2009 frå Skatteetaten.

Harald Rogne  
dagleg leiar



Kommunestyret i Skodje kommune

6260 SKODJE

## Kontrollrapport 2009 vedrørende skatteoppkreverfunksjonen i Skodje kommune

Vi har gjennomført kontroller knyttet til skatteoppkreverfunksjonen for Skodje kommune for 2009. Regnskapet viser per 31. desember 2009 en skatte- og avgiftsinngang<sup>1</sup> til fordeling mellom skattekreditorene (etter fradrag for avsetning til marginkonto) på kr 299 741 754 og utestående restanser<sup>2</sup> på kr 9 405 807. Skatteregnskapet er avgitt av kommunens skatteoppkrever den 20. januar 2010.

### 1. Oppgaver og kontroll

Grunnlaget for skatteetatens kontroll av skatteoppkreverfunksjonen er "*Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne*" av 29. november 2007.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkreverfunksjonen utøves tilfredsstillende i henhold til gjeldende regelverk på følgende områder:

- Ressurser og tilpasset organisering
- Regnskapsføring, rapportering og avleggelse av skatteregnskapet
- Skatte- og avgiftsinnkreving
- Arbeidsgiverkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkreverfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgavene med kontroll av skatteoppkreverfunksjonen.

### 2. Omfanget av kontrollen

Skattekontoret har i 2009 gjennomført stedlig kontroll av skatteoppkreverkontoret for områdene skatteregnskap og innkreving. Siste stedlige kontroll ble avholdt 25.11.2009.

Skattekontoret har i 2009 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkreverkontoret for områdene skatteregnskap, innkreving og arbeidsgiverkontroll.

Skatteoppkreverkontoret har ikke gitt endelig tilbakemelding på pålegg og anbefalinger som er gitt.

<sup>1</sup> Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorene

<sup>2</sup> Sum åpne (ubetalte) forfalte debetkrav

### 3. Resultat av utført kontroll

Basert på utført kontroll mener skattekontoret følgende:

- **Ressurser og tilpasset organisering**

Etter en samlet vurdering finner skattekontoret at skatteoppkreverkontoret er organisert slik at gjøremålene i henhold til skatteoppkreverinstruksen kan utføres tilfredsstillende. Skattekontoret har ingen spesielle anmerkninger til kontorets ressursituasjon.

- **Regnskapsføring, rapportering og avleggelse av skatteregnskap**

Etter en samlet vurdering finner skattekontoret at regnskapsføringen, rapporteringen og avleggelsen av skatteregnskapet i det alt vesentlige er i samsvar med gjeldende regelverk og gir et rettvise uttrykk for skatteinngangen i regnskapsåret.

- **Skatte- og avgiftsinnkrevingen**

Etter en samlet vurdering finner skattekontoret at utførelsen av innkrevingsarbeidet og oppfølgingen av restansene i det alt vesentlige er i samsvar med gjeldende regelverk.

- **Arbeidsgiverkontroll**

Etter en samlet vurdering finner skattekontoret at utførelsen av arbeidsgiverkontrollen i det alt vesentlige er i samsvar med gjeldende regelverk, retningslinjer og utføres i tilstrekkelig omfang.

### 4. Ytterligere informasjon om kontrollene

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlinger i 2009 gitt pålegg og anbefalinger som er meddelt skatteoppkrever i brev av 17.12.2009.

Vennlig hilsen

*Rune L. Johansen*  
Rune L. Johansen  
Avdelingsdirektør  
Innkrevingsavdelingen  
Skatt Midt-Norge

*Stein-Ove Hjortland*  
Stein-Ove Hjortland

Kopi til:

- Kontrollutvalget i Skodje kommune
- Skatteoppkreveren i Skodje kommune
- Riksrevisjonen
- Skattedirektoratet

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 09.03.2010

**SAK 03/10  
NÆRARE VURDERING AV MANDAT FOR FORVALTNINGSREVISJON**

I sak 04/09 behandla kontrollutvalet plan for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet gjorde slik innstilling til kommunestyret:

*Som tema for forvaltningsrevisjon blir finansforvaltning samt saksbehandling og utøving av offentlig mynde i Skodje kommune vald. Kontrollutvalet får mynde å fastsette nærare spesifikasjonar for bestillinga.*

Kommunestyret har ettertid gjort tilsvarende vedtak.

Eit forvatningsrevisjonsprosjekt om finansforvaltninga er under arbeid og det kan vere grunnlag for å sjå nærare på eit mandate knytta til det andre prosjektet som gjeld utøving av offentlig mynde. Dette er eit vidt tema og kommunestyret har gitt kontrollutvalet mynde til å fastsette nærare spesifikasjonar for bestillinga.

Kontrollutvalet har nyleg avslutta ei sak om renovasjonsordninga i kommunen. Saka avdekka feil i saksbehandlinga av ein slik karakter at ny kommunestyrebehandling har blitt nødvendig. Det blir her vist til sak 31/09, endring i lokal renovasjonsforskrift.

Det kan vere risiko for feil også på andre område innan VAR – området og Skodje kommune har eit relativt høgt gebyrnivå.

***Nærare om sjølvkostprinsippet***

For ei rekkje kommunale tenester er sjølvkost sett som ei øvre grense for lovleg brukarbetaling. Bakgrunnen for dette er å unngå skjult skattlegging og at brukarbetaling ikkje skal vere med på å finansiere anna kommunal verksemd. Dette gjeld også vatn, avløp og renovasjon.

Vatn, avløp og renovasjonstenestene er underlagt fleire lover, forskrifter og andre reglar:

- Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31. mai 1974



- Lov om vern mot forurensning og om avfall av 13. mars 1981
- Forskrift om begrenning av forurensning (2004)
- Retningslinjer for berekning av selvkost for kommunale betalingstjenester (H-2140) januar 2003, KR D
- Veileder om beregning av kommunale avfallsgebyr (januar 2004, SFT)

Kommunal- og regionaldepartementet kom i 2003 med nye retningslinjer for berekning av sjølvkost. Her blir sjølvkost definert som meirkostnaden kommunen blir påført ved må produsere ei vare eller teneste. Både forskrifter og retningslinjene H-2140 frå KR D gir føringar for korleis sjølvkostprinsippet skal praktiserast. Hovudtrekka er desse:

- Utgifter og inntekter, både direkte og indirekte, som inngår i avgiftsgrunnlaget skal ha ein direkte og normal samanheng med drifta av tenesteområdet.
- Det skal reknast kapitalkostnader uavhengig av korleis investeringane er finansiert.
- Nettokostnaden knytt til investering i varige driftsmidlar skal fordelast over levetida til driftsmiddelet gjennom årlege linære avskrivningar.
- Sjølvkostfond kan ikkje nyttast til investeringsføremål.
- Det skal reknast kalkulatoriske renter på all bunden kapital.
- Gebyra for ei teneste skal fastsetjast på grunnlag av eit overslag over kostnadene for produksjon av tenesta og gebyrinntekter og kostnader skal balansere over ein 3-5 års periode.
- Ved utgangen av året skal kommunen foreta ein etterkalkulasjon av reelle kostnader for å kontrollere at gebyrinntektene ikkje overstig sjølvkost.
- Der etterkalkulasjonen viser eit overskot, skal dette avsettast til bunde fond. Tilsvarande kan eit underskot dekkjast gjennom bruk av fond dersom dette følgjer av lova eller kommunestyret før inntektsåret har fatta eit prinsippvedtak om at eigenbetaling ut frå sjølvkost skal leggjast til grunn for brukarbetalinga for tenesta.
- Sjølvkostfond skal godskrivas med kalkulatoriske renter på bunden kapital. Dette skal reflektere alternativavkastninga abonnentane går glipp av ved at midlane deira er bundne i fondet.
- Dersom det er grunnlag for å framføre underskot, kan kommunen tilsvarande rekne seg kalkulatoriske renter på underskotet.
- Sjølvkostfond skal balansere inntekter og kostnader over ein 3-5 års periode.
- Utrekningane knytt til sjølvkost skal dokumenterast, jf god kommunal rekneskapskikk.
- Informasjon om sjølvkostberekning innan dei ulike sjølvkostområda skal gå fram av årsrekneskapen.

Når kommunestyret fastset storleiken på gebyra, må det ligge føre tilstrekkeleg informasjon til å kunne vurdere om gebyrinntektene vil overstige kostnadene, også sett i ein framtidig 3-5 års periode. Det blir her vist til Forskrift om begrenning av forurensning § 16-1.

Ut i frå det som kjem fram ovanfor, skal det ligge føre dokumentasjon på sjølvkost både i saksdokumenta som blir førelagt kommunestyret ved fastsetting av dei kommunale gebyra og i etterkant (i årsrekneskapen).

Det blir vist til ovanstande. Det er mange omsyn å ta i saksbehandling knytt til kommunale gebyr og ein gjennomgang av praktisering av sjølvkostprinsippet synest vere relevant.

På bakgrunn av ovenstående blir saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

## **v e d t a k :**

Som forvaltningsrevisjon innan utøving av offentleg mynde i Skodje kommune blir det gjennomført ein forvaltningsrevisjon om praktisering av sjølvkostprinsippet forvaltningslova innan VAR – området.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget

Dato: 09.03.2010

**SAK 04/10  
BILOPPSAMLINGSPASS I FURLIA – HANDSAMING ETTER  
FORUREININGSLOVA**

Som vedlegg følger:

- Brev til Frank Holmeset datert 27.11.2009

Av brevet går det fram ein tidsfrist sett til 21.12.2009 for merknader i saka før opprydding blir starta.

På bakgrunn av ovenstående blir saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet ber om statusrapport

Harald Rogne  
dagleg leiar



Frank Holmeset  
Furlia

6260 SKODJE

Vår ref  
09/231-4

Sakshandsamar  
Bent Leite, 70 24 40 42

Dykkar ref

Arkiv  
K24

Dato  
27.11.2009

**GNR. 18 BNR. 23 FRANK HOLMESET – BILOPPSAMLINGSPLASS I FURLIA –  
HANDSAMING ETTER FORUREININGSLOVA**

Viser til brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 23.03.2009. Fylkesmannen har ikkje motteke søknad om etablering av verksemd for bilopphugging.


Skodje kommune ser på denne saka som ei forsøplingssak da oppsamling av bilvrak som representerer ein mogeleg forsøpling er i strid med forureiningslova § 28.

Skodje kommune kan som forureiningsmynde i forsøplingssaker kunne følgje opp dette med pålegg om opprydding, jfr forureiningslova § 37.

Før Skodje kommune gir eit pålegg om rydding får De høve til å uttale Dykk.

Ein ber om evt. merknader vert sendt skriftleg til Skodje kommune snarast og innan 21.12.09.

Med helsing

  
Bent Leite  
avd.ing.

Kopi: Fylkesmannen i Møre og Romsdal

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget

Dato: 09.03.2010

**SAK 05/10  
VOI**

Som vedlegg følger:

- Orientering frå Skodje kommune om prosjektet.

Kontrollutvalet har fleire gongar blitt orientert om dette prosjektet av rådmannen. I utvalet har det kome fram synspunkt på at det burde ligge føre eit eige prosjektrekneskap i kommunen sin rekneskap og at ein slikt rekneskap burde føreleggast kontrollutvalet.

På bakgrunn av at prosjektet ikkje representerer vesentleg økonomiske verdiar for Skodje kommune, kan det no vere aktuelt å avslutte saka.

På bakgrunn av ovenstående blir saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet vel å avslutte saka.

Harald Rogne  
dagleg leiar



Fredskorpset

Vår ref  
08/572-28

Sakshandsamar  
Bente Glomset Vikhagen, 70 24 40 13

Dykkar ref

Arkiv  
075

Dato  
22.10.2009

## Rapport fra partnarmøte Skodje-Voi, oktober 2009

### Historikk:

Skodje kommune er inne i avslutninga av tredje utvekslingsperiode i partnerskap med Voi i Kenya. I løpet av desse åra har vi gjort oss erfaringar med mellom anna utveksling av lærarar, ingeniørar og samfunnsplanleggjarar. Både innanfor skule og samfunnsplanlegging/miljø har Skodje kommune hatt eit stort utbytte av partnerskapet. I skulen har engasjementet blitt breitt. Kontaktflata ut imot innbyggjarar, elevar og andre lærarar er stort, og difor eit ideell satsing dersom ein skal nå målet med å løfte fram verdiar som vennskap, toleranse og globale spørsmål.

I tillegg til utveksling av personar gjennom Fredskorpset sitt nord-sør program har Skodje kommune eit samarbeid med Voi i MIC prosjektet til KS, finansiert av NORAD. 2009 var eit vellukka år i dette prosjektet, og utveksling av personar knytt til kompetanse i samfunnsplanlegging og ingeniørfaget sette i gang prosessar som vi kjem til å vidareføre i 2010 sjølv om vi ikkje får vidareføring av MIC dette året. Målet er å halde liv i MIC konseptet og målsetjingane Skodje og Voi sette seg gjennom å vidareføre og vidareutvikle Fredskorpssamarbeidet i renting av dei same målsetjingane. Dette vil gje oss eit godt grunnlag for vidare arbeid med MIC i ein ny periode, noko vi vil søkje om frå 2011.

I mai 2009 søkte vi om midlar til eit ekstra partnarmøte med Voi. Fredskorpset gav oss 40 000,- til dette føremålet. I samband med oppfølgingsmøte kring MIC prosjektet valde vi då å slå saman desse møta. 12. oktober reiste ei gruppe på 6 personar frå Skodje til Voi for å arbeide med avklaringar for det vidare samarbeidet.

### Målet med partnarmøtet:

- Evaluere utvekslingsrunde nr 3, og kvalitetssikre etterarbeidsperioden til våre sør deltakarar som no er tilbake i Voi
- Reetablere nord-sør gruppe i Voi då den eksisterande gruppa ikkje har vore i funksjon den siste tida. Målet var å etablere ei funksjonelle gruppe som kunne fungere som ei styringsgruppe for det heilskaplege samarbeidet kring både MIC og FK utveksling.

- Utvikle felles målsetjingar for Fredskorpsutveksling og MIC.
- Skaffe kontaktar på regionalt skulenivå for å få dialog mellom kommunen og skulesystemet(stat). Målet med dette var å få betre rammevilkår for å arbeide heilskapleg med dei nye felles målsetjingane i FK og MIC prosjekta
- Starte samarbeidet med ein lokal offentleg skule
- Etablere sør-nettverk mellom Taveta og Voi for å utveksle erfaringar kring samanliknbare prosjekt. Melhus og Taveta har liknande målsetjingar som Skodje og Voi har, knytt til både FK utveksling og MIC
- Utarbeide søknad for ny utvekslingsperiode gjennom FK

#### Måloppnåing:

- 3. utvekslingsrunde med gjennom FK utveksla vi personar med kompetanse knytt til samfunnsplanlegging og ingeniørfaget, samt lærar og sosial/barneverns utdanna personar. Lugard Mwacharo Malasi er ingeniør og arbeidde ved teknisk avdeling i Skodje. Arbeidet hans var knytt til oppfølging av MIC prosjektet. Målsetjingane her er å få implementert det miljømessige aspektet i planar, og å utvikle eit system for renovasjon og innkreving av avgifter for dette i Voi sentrum. Å utvikle eit ope og tillitsfullt forhold mellom innbyggjarar og Voi kommune er og ei viktig målsetjing i MIC prosjektet.

Arne Fredrik Nordal er samfunnsplanleggjar og arbeidde i kommuneadministrasjonen (tecnichal department) i Voi. Arbeidet hans var knytt til oppfølging av MIC prosjektet i sør kommunen, og bidra til igangsetjing av aktivitetar knytt til dette

Elisabeth Lillestøl Thue er barnevernspedagog og arbeidde i saosialavdelinga i Voi municipal. Målsetjinga var at ho skulle kome i kontakt med ungdomsgrupper, skular og ein privat lokal barneheim som Voi kommune dei siste åra har hatt eit delvis samarbeid med.

Brian Nyambu Mwaruruma har arbeidd ved to av skulane i Skodje (barnetrinn). kompetanse og erfaring med undervisning frå tidlegare arbeidsplassar, bidra med måloppnåing knytt til kjennskap til andre land og kulturar på ein direkte og unik måte for

I evalueringa av 3. utvekslingsrunde var Skodje og Voi samde i at personane som vart utveksla fungerte godt både i institusjonane og i samfunna. Etter tre rundar med utveksling ser vi likevel at utfordringane våre er å få dette til å føre til institusjonell endring.

Enkeltpersonar i utvekslingsprogrammet, samt gevinsten enkeltinstitusjonane har hatt under sjølve utvekslingsperiodane har vore gode. Vi har likevel eit potensiale når det gjeld å sørge for at dette fører til varige endringar for institusjonar og lokalsamfunn.

Det positive etter denne 3. runden med utveksling er at Lugard Malasi Mwacharo vert tilsett i fast stilling i Voi kommune for å arbeide med vidareføring av MIC prosjektet som vart starta

i 2009. Kompetansen han tileigna seg under opphaldet i Norge vert sett på som viktig i Voi. Skodje kommune har og poengtert at ein søknad om ny Mic deltaking frå 2011 føreset at Municipal Voi prioriterer å arbeide i prosessar som fører til måloppnåing og resultat. Å samkøyre målsetjingane i FK utveksling og MIC har, og vil i framtida, kunne føre til institusjonell endring.

Brian Nyambu som har arbeidd eitt år ved skulane i Skodje skal no ha si etterarbeidsperiode ved Voi Primary som er ein offentleg skule i Voi sentrum. Målet med denne perioden er å utvikle ein lokal læreplan som skal støtte opp under den nasjonale læreplanen i Kenya kring berekraftig utvikling og miljøspørsmål. I tillegg skal planen omhandle vennskapssamarbeidet Skodje-Voi med kunnskapsmål knytt til dei to samfunna. På same måte skal det utviklast ein lokal læreplan i Skodjeskulen med meir konkrete kunnskapsmål kring dette enn det som er nedfelt i vår eksisterande pedagogiske plan.

Elisabeth Thue og Arne Fredrik Nordal var ikkje tilsett i Skodje kommune då dei vart rekruttert inn i utvekslingsprogrammet. Etterarbeidsperioden deira har blitt knytt opp til informasjon om opphaldet til politikarar, tilsette og elevar i Skodje kommune. Erfaringane deira vil bli nytta til vidareutvikling av vennskapssamarbeidet, og tydelegare målsetjingar kring dei to prosjekta MIC og FK

- I samband med FK utveksling oppretta Skodje og Voi nord-sør grupper. Mandatet til desse gruppene har mellom anna vore å ha ansvar for Fredskorpsutvekslarane og å halde seg orienterte med utviklinga i prosjektet. Den siste tida har ikkje nord-sør gruppa i Voi hatt noko aktivitet. Utviklinga i samarbeidet, der målsetjingane kring MIC og FK i større grad skal samkjørast krev ein gjennomgang av korleis desse gruppene skal sejast saman på ein god måte. Vi vart einingne om at både Voi og Skodje vurderer samansetjinga av gruppa med tanke på forankring, framdrift i avgjerdsler, og opne prosessar.
- MIC prosjektet har fire hovudmålsetjingar med utgangspunkt i FN sine tusenårsmål. Skodje og Voi har valt ut to satsingsområde utifrå dette:
  1. Auke integrasjonen av miljømessige aspekt i lokale planar og system
  2. Auke tilliten mellom kommunen og innbyggjarar i Voi gjennom opne prosessar og tillitsskapande system

Utveksling av lærarar har vore ein viktig del av samarbeidet mellom Voi og Skodje. Skule er ikkje underlagt det kommunale ansvarsområdet i Voi slik som i Norge. Likevel er skulen ein viktig del av Voi samfunnet, og samarbeid og arbeid inn imot skulane vil gje eit breitt nedlagsfelt for haldningskapande arbeid. Opnare kanalar mellom kommunen og det regionale skulesystemet vil kunne gje høve til å sikre ein meir stabil situasjon for utvekslingspersonar der dei kan få innvilga permisjon for eitt år i Skodje.

Vi ser at begge målsetjingane i Mic prosjektet kan nyttast inn i skulen i Voi dersom vi eit slikt samarbeid verte implementert både på institusjons og samfunnsnivå. Dette tiltaket er nedfelt i avtalen om oppfølging etter partnarmøtet



- Regional Education Offiser var invitert i møte med oss under opphaldet. I løpet av denne dagen fekk vi informasjon om skulesystemet og dei nasjonale føringar knytt til målsetjingane vi ønska å arbeide med. Vi fekk og avklara ordningane som kan hjelpe oss i å skape ein meir stabil situasjon for lærarar som ynskjer eit utvekslingsår. Dersom dei skal vere ein ressurs for Voi kommune, og nyttast i arbeidet med å arbeide med haldningsskapande arbeide i lokalsammfunnet er det viktig at dei får vidare arbeid i Voi når dei kjem attende til heimlandet. Det vart no avklart korleis Voi kommune kunne bidra til dette gjennom å kontakte det regionale skulenivået i forkant av ein ny utvekslingsrunde. Fram til dette kjem på plass vil Skodje kommune finansiser lønn til Brian Nyambu Mwaruruma ved Voi primary for å få utarbeida og etablert læreplan og samarbeidsstruktur mellom dei ulike partane i nord og i sør.
- Skodje kommune har den siste tida sett behovet for å ha ein lokal kontaktskule i Voi. Dette vil bidra til å konkretisere arbeidet, utveksle informasjon mellom skulane på ein enklare måte, samt ansvarleggjere enkeltpersonar i arbeidet med å få implementert ein lokal læreplan for skulen.  
I forkant av vårt besøk hadde Voi kommune kontakta Voi Primary. Dei var inviterte i møte Primary var svært opne for våre tankar. Dei var positive til å få etablert ein skule, skulle vere ein sentra del av framtidige utvekslingar, og at møteplassar mellom skule, kommune, foreldre og elevar skal vere ein sentral del av dette arbeidet.
- Melhus og Taveta har over fleire år hatt vennskapssamarbeid som er samanliknbart med Skodje og Voi. Gjennom MIC prosjektet har vi set igang nettverk som skal føre til meir dialog og erfaringsutveksling mellom dei to sør kommunane. På same tid som Skodje besøkte Voi, var Melhus i Taveta. Dei to sør kommunane vart difor oppfordra til å organisere eit møtepunkt under vårt opphald. Delegasjonen frå Skodje og Voi reiste difor til Taveta. Her møttes både nye og «gamle» fredskorpsdeltakarar, politikarar, kommuneadministrasjon.  
Møtet bar preg av entusiasme og framtidsretta tankar kring mulighetene som ligg i samarbeid på fleire arena enn det sør kommunane har tradisjon for. Samarbeid mellom statleg og lokalt nivå, mellom sør-sør kommunar, og mellom personar på ulikt nivå i hierarkiet.
- Skodje og Voi er einige i at ein ny runde med Fredskorpsutveksling vi vere positivt og naudsynt dersom vi skal vidareutvikle oss i den retninga vi no har peika ut. Vi ser at arbeidsoppgåver må konkretiserast mot felles mål, og at vi no har etablert kontaktpunkt og relasjonar som kan bidra til at ein ny utvekslingsrunde har ei meir solid plattform å stå på.

På bakgrunn av dette kjem Skodje og Voi til å søkje om ny utvekslingsperiode gjennom Fredskorpset. Vi håper å kome i gang med ny utvekslingsrunde medio 2010. Kompetansen vi ynskjer å utveksle en knytt til læraryrket, ingeriør/samfunnsplanlegging og IT. Dette vil dekkje feltet vi ynskjer å fokusere på og har utvikla mål for.

Oppsummert ser vi at dette partnarmøtet har skapt ei tydelegare fellesforståing av det heilskaplege samarbeidet. Dei konkrete målsetjingane i Mic har hjelpt oss til å verte meir målretta i Fredskorpsprosjektet. Dette ser vi vil vere eit betre utgangspunkt for å få neste utvekslingsperiodar til å føre til strukturelle endringar og både institusjonell og samfunnsmessig endring.

Med helsing

Bente Glomset Vikhagen



---

## Notat

---

**Sak:** KONTROLLUTVALET

**Til:**

**Frå:** Bente Glomset Vikhagen,

**Kopi til:**

Sak- /dok.nr.  
06/866-35

Arkivkode  
033

Dato  
25.11.2009

---

### OPPFØLGINGSSAK-KONTROLLUTVALET

Møtebok for Skodje kontrollutval, 02.03 2009:  
Sak 03/09- Orientering om internasjonalt engasjement og Voi

”Kva har kome ut av prosjektet med samarbeidskommunen i Afrika (orientering og framlegging av prosjektrekneskap og kva vedtak som ligg til grunn for prosjektet)”

Prosjektrekneskap og rapport for partnerskap med Fredskorpset vart framlagt kontrollutvalet

Møtebok for Skodje kontrollutval, 02.11 2009:  
Sak 26/09- oppfølging av tidlegare saker/ikkje avklara saker

Pkt.1 Rekneskap Voi.

”Kontrollutvalet er ikkje nøgd med den tilsendte informasjonen og ber om nærare opplysningar om kommunestyret sitt mandat, måloppnåing samt ekstern og intern finansiering”

**Skodje kommune er for tida involvert i to partnerskapsprosjekt knytt til internasjonalt arbeid :**

**I samarbeid med *Fredskorpset* har Skodje og Voi ein avtale om utveksling av personar mellom dei to kommunane.**

***MIC* prosjektet er eit samarbeid mellom Skodje kommune, KS og Municipal Voi, der NORAD finansierer aktivitet i Voi kommune som byggjer på kommunale forvaltningsoppgåver basert på satsingsområde knytt til FN sine tusenårsmål.**

**I saksframlegg ”Internasjonalt arbeid i Skodje kommune” finn de orientering om dei to prosjekta. Her finn de og kommunestyret sitt vedtak om vidare arbeid kring samarbeid med Voi. I samsvar med retningslinene i dei to prosjekta vert det avlagt rapportar knytt til evaluering av måloppnåing, samt avlagt rekneskap etter avslutta periode.**

**I tillegg vert det utarbeida lokale mål knytt til internasjonalt arbeid . Desse er forankra i kommunestyret sitt vedtak om videreføring av prosjekta, og utarbeida i samarbeid med Nord-sør gruppa, administrative prosjektgrupper og Voi kommune.**

Vedlegg:

**1.Saksframlegg til kommunestyret, 16. 06.2009 "Internasjonalt arbeid i Skodje kommune"**

( Orientering om dei to prosjekta)

**2.Sakssprotokoll frå Skodje kommunestyre, 16. 06.2009**

(Mandat)

**3.MIC format for report and accounts 2008**

(Finansiering og måloppnåing)

**4. FK financial report**

(Finansierig).

**5. FK annual report**

(Måloppnåing)

**6.Rapport partnarmøte Skodje-Voi 2009:**

(Måloppnåing)

Bente G Vikhagen  
Rådgjevar

**SAKSFRAMLEGG**

Sakshandsamar: Bente Glomset Vikhagen  
Arkivsak nr.: 07/203

Arkiv: 075

**INTERNASJONALT ARBEID I SKODJE KOMMUNE**

... &&& Sett inn saksutgreiinga under (ikkje slett denne linja) ↓ &&&

**SAKSDOKUMENT:**

Vedlegg1. Partnership agreement (Fredskorpset)

Vedlegg2. Municipal International Cooperation (Aktivitetsplan for MIC-prosjekt 2009)

Vedlegg3. Rapport frå reise til Voi 2009 (Ettersent)

**SAKSOPPLYSNINGAR:**

1995 vart det politisk vedtatt at Skodje kommune skulle opprette eit vennskapssamarbeid med Voi i Kenya. Stort engasjement frå einskildpersonar og grupper på frivillig basis etablerte gode vennskapsband med både privatpersonar og til tilsette i Voi kommune.

I 1999 vart vennskapssamarbeidet tydelegare formalisert gjennom eit memorandum, utarbeida av sentrale personar i Voi og i Skodje. Dette baserte seg på verdiar som vennskap, respekt, likeverd og toleranse. Videre har samarbeidet utvikla seg innanfor meir formaliserte partnerskap. Fredskorpset, Kommunenes sentralforbund og Norad er i dag viktige bidragsytarar i dette samarbeidet.

**Fredskorpset:**

I 2005 vart partnerskap med Fredskorpset inngått. Fredskorpset legg til rette for gjensidig personellutveksling mellom verksemder i Norge og Afrika, Asia og Latin-Amerika. Fredskorpset er et statleg forvaltningsorgan underlagt Utenriksdepartementet og finansiert over statsbudsjettet. Formålet deira er å medvirke til varige betringar i økonomiske, sosiale og politiske kår i verda.

Utvekslingen av deltakarar foregår i et partnerskap mellom to eller fleire verksemder som har fått støtte av Fredskorpset med mål om å overføre kunnskap, erfaringar og ferdigheter til kvarandre. All utveksling går begge vegar, slik at verksemda både sender og mottar deltakarar. Status for Skodje kommune er at vi no inne i 3. runde med utveksling. I alle tre periodane har vi sendt to personar nedover og fått to personar til Skodje.

Fredskorpset finansierer utvekslingsperiodane for Skodje og Voi. Perioden vert mellom anna budsjettert med utgifter knytt til lønn og opphald for deltakarar, reiseutgifter knytt til partnarmøte, og kostnadar knytt til administrering av prosjektet. Administrative ressurs vert finansier med omlag 15% stilling. I periodar krev dette arbeidet meir tid. I tillegg det Fredskorpset finansierer over prosjektmidlane kan ein rekne ei eigenfinansiering for Skodje kommune på 5-10% stilling.

**MIC (Municipal International Organisation)**

Skodje kommune vedtok i 2007 å inngå eit samarbeid saman med Voi om å delta i Ks og Norad sitt MIC-prosjekt. Mic (Municipal International Cooperation) er det andre formelle kommunesamarbeidet vi har med Voi i Kenya. Programmet fokuserer på gjensidig kompetanseoverføring og utvikling mellom norske og utenlandske kommuner innen kommunal forvaltning. Prosjektet er finansiert av Norad og vert forvalta av KS og deira samarbeidskommunar.

Prosjektperioden var i utgangspunktet frå 2007 til 2009, men har for Skodje kommune sin del blitt forkorta. Utviklinga av søknad og prosjektplanar vart påbyrja i 2007, medan iverksetjinga ikkje kunne kome i gang før i 2009. Årsaken til dette var at den administrative ressursbruken knytt til

prosjektet vart større enn forventet, og kommunestyret vedtok å trekkje seg frå deltaking. Etter oppfordring frå KS og Norad vart Skodje kommune oppfordra til å vurdere deltakinga på ny. Dette resulterte i nytt kommunestyrevedtak, 11.03. 2008, der deltaking vart vedteke under føresetnad om fagleg og administrativ bistand frå KS.

Dei økonomiske, innholdsmessige og organisatoriske rammene for MIC omhandlar desse hovudtrekka:

1. "Kommunar kjenner kommunar best"

Sjølv om samfunna er ulike, er det like trekk i både saksgang, avgjerdsprosessar, og daglegdagse utfordringar for ei kommune i nord og ei i sør. Norad meiner at dette er eit godt utgangspunkt for at nord kommunar kan bidra med sin kompetanse innanfor denne type utviklingsarbeid.

2. Økonomiske ramma på 400 000 kr per år.

Dette er midlar som vert overført via KS til samarbeidskommunane. Våre overføringar til Voi går i tråd med aktivitetsplan som er utarbeidd i tråd med prosjektplan. Norad og Ks har retningslinjer på korleis nord kommunane skal følgje opp og sikre rett bruk av midlane.

3. FN sine tusenårs mål har dei sett seg to mål som rammene av MIC skal omhandle:

- Auke miljømessige aspekt i planar
- Anti korrupsjonsarbeid

I januar 2009 vart det utarbeidd ein handlingsplan for MIC prosjektet knytt til desse to satsningsområda. Aktivitetane i Voi er no i ferd med å starte. Infrastruktur knytt til IKT er påbyrja. Utarbeiding av kommuneplan for søppelhandtering er og under utarbeiding. Det har vore utfordrande å få ønska framdrift i MIC prosjektet. Dei siste vekene har vel og merke aktiviteten auka. Lugard Mwacharo Malasi, FK, deltakar ved teknisk avdeling, vil få ei rolle i oppfølgingsarbeidet når han flyttar heim til Voi i juli 2009.

MIC prosjektet føreset ein administrativ eigeninnsats frå kommunane på ca 15% stilling. Skodje kommune vart førespegla avlastning i dette arbeidet. KS har av personalmessige grunnar ikkje greidd å støtte oss på området, og i praksis nyttar administrasjonen i Skodje ei 15% stilling til arbeidet.

Som eit resultat av det totale internasjonale arbeidet fekk Skodje kommune i 2006 heidersprisen "Internasjonal kommune". Fredskorpset og KS står bak prisen og deler den ut til kommunar som har eit stort internasjonalt engasjement både i kommuneorganisasjonen og blant innbyggjarane

Dei to prosjekta, Fredskorpset og MIC har hatt eit tett samarbeid. Ein har i perioden nytta fredskorpsdeltakarar i utvikling og oppfølging av prosjektet. Partnarmøte med Voi har og hatt som mål å vidareutvikle og evaluere begge prosjekta samstundes. Målet med dette er å utnytte midlane på ein effektiv måte.

## VURDERING:

Skodje og Voi har over mange år hatt eit godt vennskapssamarbeid. Det er viktig å ta vare på balansen og likeverdet i ein slik relasjon. Dette kan vere ei utfordring når ulikskapane i utgangspunktet er så store.

Lærarutveksling i skulen, med det store utbyttet Skodjeskulen etterkvart har fått ut av dette, omhandlar skulen sine kjerneoppgåver. Å møte menneske frå andre kulturar, med alt det inneber av perspektiv kring toleranse, kunnskap om samfunn og kultur, livssyn, språk og geografi, er retta direkte mot mål i kunnskapsløftet. Skodje kommune sitt internasjonale engasjement kan nyttast som ein unik innfallsvinkel til desse områda. Utveksling av lærarar i skule gjev eit breitt nedslagsfelt. Elevar, foreldre og kolleger ved skulen får eit forhold til dette. Engasjementet har difor blitt svært stort, og bør vere ein viktig ressurs i videreutviklinga av samarbeidet.

Gjennom Mic prosjektet får Voi kommune finansert og opparbeida ein del grunnleggjande system som kan ha overføringsverdi til andre delar av deira kommunale tenesteyting. IKT struktur, register, faktureringsystem og opparbeiding av tillit mellom kommune og innbyggjarar er døme på dette. Mic-prosjekte, med sin bilstandsdimensjon, har difor vore ei viktig og naturleg utvikling av samarbeidet. Voi som samfunn har behov for å få dekt meir basale behov enn det vi kan oppnå gjennom Fredskorpssamarbeidet. På denne måten kan ein seie at Mic og Fredskorpset utfyller kvarandre og tek vare på likverdet i samarbeidet.

Fredskorpsutveksling og MIC prosjekt er finanserte av våre samarbeidspartnarar, Fredskorpset og KS/Norad. I tillegg krev dei ein administrativ innsats frå Skodje kommune. Som utgreiinga ovanfor viser er ikkje denne fullfinansiert av prosjektmidlane. På bakgrunn av dette er rådmannen oppteken av å vidareføre dette arbeidet på ein måte som er effektivt og velorganisert.

Gjennom eit vidare samarbeid med Fredskorpset ønsker rådmannen å konsentrere arbeidet inn imot utveksling av lærarar. Utbyttet skulen har av utveksling er stort og dekkje skulen sine pålagde kjerneoppgåver. Tettare samarbeid med ei nord-sør gruppe i Voi beståande av skulefolk, med kontaktar retta mot td. ein skule er ein teneleg veg å gå for å etablere eit langsiktig samarbeid. Administrasjon av prosjektet vil då bli knytt til administrasjonen ved ein av skulane i Skodje. Kostnad knytt til administrativ ressurs utover Fredskorpset sitt bidrag skal ved ei slik organisering finansiert innanfor skulen si ramme.

